

Krækkjavassdraget



Hardangervidda Natursenter



FINPRIKKAUREN

Få andre dyreartar på Vidda har vitenskapen granska så grundig som finpriikkauren. Finpriikkauren blir rekna som ein genetisk variant av aure. Han lever i delar av Krækkjavassdraget. Elles i verda er arten berre å finna i eit område i Kaukasus, og kanskje òg i eit vatn i Rondane.

På Hardangervidda har finpriikkauren vore kjend frå publiserte kjelder sidan 1910. Midt på 1980-talet var bestanden i ferd med å døy ut som følgje av sur nedbør. Etter omfattande kalking er det atter



GULLHØNA FRÅ HARDANGERVIDDA

Ein mikrosopp frå Hardangervidda har vorte den reinaste gullhøna for det sveitsiske storkonsernet Novartis. Overalt i verda leitar selskap etter arvestoff frå naturen som kan nyttast til utvikling av nye medisinar. Av og til lukkast dei.

I 1969 reiste biologen Hans Peter Frey saman med kona si på ferie til Noreg. På vegen frå Oslo til Bergen stoppa dei fleire stader på Hardangervidda, der Frey samla med seg ei rekkje jordprøver. Ein spesielt verdifull jordprøve vart innsamla ved Skiftesjøen, aust for Dyranut. Prøven viste seg å innehalda ein mikrosopp som fekk namnet *Tolypocladium inflatum*. Denne soppen produserer eit biokjemikal, syklosporin, som blir nytta i medisin til pasientar som har gjennomgått organtransplantasjonar. Medisinen motverkar kroppen sin trong til å støyta frå seg det nye, framande organet. Den industrielle framstillinga skjer ved dyrking av soppen frå Hardangervidda i store fabrikk tankar.

Årleg brukar meir enn 1800 pasientar i Noreg og 200 000 i heile verda denne medisinen. I 1998 tente Novartis i overkant av ni milliardar kroner på produksjonen.

Elektronmikrofoto av syklosporinsoppen *Tolypocladium inflatum*, forstørra 500 gonger.
(Novartis Norge AS)



registrert formeining av finpriikkaure. Det er uvisst korleis denne aurevarianten har oppstått. Ein teori er at ei og same form for mutasjon har gått føre seg i dette området og nokre få andre stader i verda.

Den vanlege auren er det godt om i dei fleste fjellinnsjøane i Eidfjord og elles på Hardangervidda. Som alle andre stader som ligg over den marine grensa etter den siste istida, er auren hjulpet hit av folk (©171). Utsettjinga har røter langt tilbake i tida – i arkeologiske utgravingar ved Halnefjorden, rett aust

for fylkesgrensa, er det funne 6000–7000 år gamle aurebein.

Fjellauren i Eidfjord er feit og fin, men mange er ottefulle for at spreinga av ein annan art, ørekyte, kan truga auren. Ørekyta (©178) konkurrerer om den same næringa som auren og er i stand til å redusera aurebestanden drastisk. Fleire gode aurevatn på Hardangervidda har fått redusert bestanden til under det halve på grunn av denne inntrengjaren. Ein fryktar no at ørekyta kan kryssa vasskiljet, og tiltak mot dette er sette i verk.

BJOREIDALEN

BJOREIDALEN er ein av dei klassiske fuglelokalitetane på Hardangervidda. Det er særleg vadefuglar Bjoreidalen er kjend for, med beile 17 av dei 19 artane vadefuglar som er rekna som bekkande i Hordaland. Eit døme er myrsnipa, som er vanleg i våtare drag i dette området. Er du heldig, kan du òg sjå den spesielle symjesnipa. Bjoreidalen har elles rikeleg med sporvefugl, mellom anna lappsporv og blåstrupe – kanskje den vakraste av alle fuglane på Vidda.

Heile dalføret har eit yrande fugleliv. Aller rikast er det nær elva frå Nybu og nedover, der det somme stader veks tett vierkratt. Slikt kratt er viktig for fuglane; det er oftast i denne typen vegetasjon dei plasserer reira sine. Derfor lyt ferdafolk halda litt avstand til vieren. Staden vart verna som naturreservat i 1995. Ei rundløype er merkt i reservatet, med startpunkt anten frå Dyranut eller Nybu. I bekketida er ein pålagt å halda seg til løypa.



Bjoreidalen ved Gamlestølen, mot sørvest. Nybu ligg rett utanfor biletet på venstre sida, på andre sida av elva. (Svein Nord)



Blåstrupe – ikkje berre vakker å sjå på, han har òg vakker song.
(Jan Rabben)